

# Velkommen til nytt barnehageår i Sandeid Barnehage2017/2018

Sandeid barnehage er ein fire avdelings barnehage med born i alderen 0-6 år. Tusseblå (0-2), Tussegrønn (0-2), Småtroll (3-4år) og Trolle(4-5år). Totalt har me plass til 88 barn.

TELEFON:	kontor	53 65 58 85/992 57 113.
	Tusseblå	905 57 826
	Tussegrønn	947 83 971
	Småtroll	970 66 952
	Trolle	488 91 820

Epost: [sandeid.barnehage@vindafjord.kommune.no](mailto:sandeid.barnehage@vindafjord.kommune.no)

## STYRINGSDOKUMENT

**Lov om barnehagar** (barnehageloven) <http://www.lovdata.no/all/nl-20050617-064.html>

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Rammeplan for barnehagen** <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rundskriv/2006/Rammeplan-for-innhaldet-i-og-oppgavene-t.html?id=272462>

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

### Årsplan

- Eit arbeidsreiskap for personalet.
- Informasjonsdokument til dykk foreldre og andre ulike samarbeidspartnarar som kommunen, PP- tenesta, barnevern, framtidige brukarar og liknande.
- Årsplanen dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal legge grunnlaget for utvikling og kvalitetssikring av barnehagen.
- Det er styret i barnehagen som fastsetter barnehagens årsplan.

### Kommunale vedtekter og avgjelder

[http://vindafjord.kommune.no/kunde/filer/NYE%20Vedtekter%20for%20kommunale%20barnehagar%20fraa%2001\\_03\\_10.pdf](http://vindafjord.kommune.no/kunde/filer/NYE%20Vedtekter%20for%20kommunale%20barnehagar%20fraa%2001_03_10.pdf)

# SAMARBEID

## Foreldreråd

Alle foreldre i barnehagen dannar barnehagens foreldreråd. I rådet vert det valt ut ein leiar og ein nestleiar, der desse er representantar for samarbeidsutvalet. Rådet skal kunna vera eit forum der ein kan ta opp saker utan at personalet i barnehagen er med. Ein kan diskutere ting som kan vera lettast å ta opp med andre foreldre. Det er dei valde foreldrerepresentantane som har i oppgåve å gi meldinga vidare til personalet i barnehagen om det er ynskje om det. I tillegg dannar vanlegvis foreldrerådet evt saker til samarbeidsutvalet, duggnadar.

## Samarbeidsutvalet

Består av to foreldre som er valt i foreldrerådet. Desse vert valt på første foreldrerådsmøte. Det er ein leiar og ein nestleiar. Resten av samarbeidsutvalet består av ein sekretær (styraren i barnehagen), som oftast ein assistent og to politikarar.

### Samarbeidsutvalets oppgåver

- godkjenne barnehagens årsplan med pedagogisk innhald
- Ivareta samarbeidet mellom heim og barnehage

## Samarbeid med foreldre

### Målsetting:

- å arbeide for best mogleg kontakt med dei enkelte foreldre/foresatte
- me ynskjer ein atmosfære av tillit og openhet som kan føre til at barnet får det godt i barnehagen.

### Gjensidig kontakt og informasjon er viktig

### Metodar:

- dagleg foreldrekontakt ved bringing- og henting
- foreldremøte (1-2 møter kvart driftsår i regi av barnehagen)
- foreldresamtalar (2 pr år)
- samarbeid om turar og arrangement
- samarbeid om duggnadar
- Mykid

## Samarbeid med andre

Oppvekstteam: eit samarbeid av førebyggjande art saman med barnehageleiar, PPT, helsesøster, barnevernet

PPT: Samarbeid og rettleiing til foreldre og personalet i arbeidet med borna

Skulen: samarbeid ved overgang

Logoped, fysioterapeut, helsestasjon, lege: vedr. Barns utvikling

Barnevern og sosialkontor: generelt om utvikling hjå barn, og spesielt der dette er påkrevd

Utdanningsinstitusjonar: me tek imot studentar i praksis.

## PRAKTISK OG GENERELL INFORMASJON

Opningstida vår er frå 06.45-16.30

Julafta og nyttårsafta held me stengt.

Onsdag før skjærtorsdag stenger me kl 12.00

I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar. Desse vert kvart år fastsette i barnehageruta.

### **Planleggingsdagar barnehageåret 2017/18**

14. August

18. September

17. November

22. Mars

18. Mai

14. August

Alle born har rett på 4 veker ferie. 3 veker må takast samanhengande i perioden 15. juni til 15. august. Barnehagen skal ha melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 1. mai. Den siste ferieveka kan takast når som helst i barnehageåret, og kan etter ynskje delast opp. Det skal gis beskjed om desse fridagane. Helligdagar og sjukefråvær reknast ikkje som ferie i denne samanheng. Om det er siste året til barnet i barnehagen så skal ferien verta teken ut før 15.august

### **Dagsrytme**

06.45: Barnehagen opnar. Alle avdelingar startar dagen på Småtroll

08.30: Frukost

09.00: Kjernetida startar

    Planlagde aktivitetar/ grupper eller frileik inne/ute

11.30: Lunsj (brødmåltid eller varm mat)

12.00: Kviletid for dei yngste/uteleik for dei eldste

14.30: Frukt med knekkebrød

15.00: Frileik

16.00: Avdelingane samlast på Småtroll

16.30: Barnehagen stenger

# august

Det vert oppstartsamtalar for nye  
born etter 2-3 veker.

man	tys	ons	tors	fre	lør	søn
	1	2	3	4	5	6
7	8	8	10	11	12	13
14 Planl.dag	15 Nytt bhg.år	16	17	18	19	20
21	22	23 Erik 5 år	24	25 Theo 3 år	26	27
28 Oline 3 år	29	30	31 Elina 4 år			



## TILVENNING

Den fyrste tida i barnehagen, tilvenningstida vil me bruka på å verta kjent med kvarandre, dagsrytme og rutinar. Tilvenningstida kan kjennast ulik frå born til born. Nokon brukar kort tid, andre lenger tid på å kjenne tryggleik på ein ny stad. Me vil gjera vårt beste for at alle får ein så god start som mogleg. Samarbeid mellom barnehagen og heimen er viktig. Jo betre me vaksne samarbeidar, jo betre har bornet det.

## HUSK

- byteklede i hylla eller i sekken
- klede til all slags vær
- dersom det er andre enn de foreldre som skal hente barnet må me ha beskjed i barnehagen
- ver sikker på at personalet har registrert at bornet ditt er kome/blitt henta
- dersom barnet er sjuk eller av andre grunnar er heime frå bhg, ver snill å gi beskjed før 08.30
- dersom det er ledig plass, er det mogeleg å kjøpe ekstra dagar. Me gjer så godt me kan for at dette skal la seg gjera
- merk kleda
- me ser helst at borna ikkje har med seg eigne leiker i barnehagen. Det er så lett for at leikene vert øydelagd eller kjem bort.



# september

I veke 38 har me  
brannvernveke. I løpet av  
veka lærer me om  
brannsikkerhet. Kva skal me  
gjer om det brenn? Me  
brukar opplegg om Eldar og  
Vanja



mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
				1	2 Johanna H 4 år	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14	15	16	17
18 Brannvern veke Planl.dag	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	39	30	

# FAGOMRÅDA

For å lette planlegginga av eit variert, allsidig pedagogisk tilbod i barnehagen, er innhaldet delt inn i sju sentrale fagområde for oppleving, utforsking og læring. Desse områda vil borna seinare møte som fag i skulen. Gode opplevingar, erfaringar og læring innafor desse områda i barnehagen kan gi borna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE <p>Borna skal få ein positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg bevegelsesglede, meistring, matglede, matkultur og bevegelse. Gode vanar og handlingsmønstre er med på at barna opplev mentalt, sosialt, fysisk og psykisk velvære. Borna skal få mogleik til å gjere seg gode erfaringer med varierte og allsidige bevegelsar og utfordringar for å utvikle god kroppsbehersking, både grov og finmotorisk.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Me legg til rette for eit sundt og variert kosthold samt at måltida og matlaging er ein arena for samtalar, glede, deltaking og medverknad til fellesskap. Me oppfordrar borna til å smake på nye ting.</li><li>• Me legg opp til varierte aktivitetar og utfordringar for borna både ute og inne. Bruk av gymsal og nærmiljø.</li></ul>	NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI <p>Borna skal få oppleve naturen sitt mangfold av opplevingar og aktivitetar. Borna skal få verte kjent med og få forståing for planter og dyr, landskap, årstider og vær. Borna skal få oppleva glede ved å ferdast i naturen og få innsikt i natur, miljøvern og samspel i naturen. Borna skal få erfaringar og kunnskap om dyr, vekster og bærekraftig utvikling.</p> <p>Dei skal òg få erfare korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet.</p> <p>Personalet må ta utgangspunkt i borna sin nysgjerrighet, interesser, og føresetnadnar og stimulere dei til å oppleve med alle sansane, iaktta og undre seg over fenomener og teknologi.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Me bruker naturen rundt oss.</li><li>• Går på oppdagelsesferd ute.</li><li>• Me prater med borna om det me ser og opplev</li><li>• Introduserer dyr gjennom eventyr</li><li>• Me prater om været og kjenner på været.</li><li>• Me har eigen værmelding som syner været i dag.</li><li>• Barna møter tekniske hjelpemedidler på avdelingene som datamaskin, skriver, fotoapperat, videokamera og ipod.</li><li>• Brukar naturmateriale i formingsaktivitetar</li></ul>	ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI <p>Borna skal tileigna seg samfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar. Dei skal utvikla toleranse og respekt for kvarandre på tross av ulik kultur, religion og livssyn.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Undring gjennom filosofiske samtalar.</li><li>• Læra om andre kulturar</li><li>• Markering av høgtider</li><li>• Påskevandring og julevandring i kyrkja</li><li>• Arbeid med sosial kompetanse</li></ul>
--	--	--

<p><b>ANTALL, ROM OG FORM</b></p> <p>Stimulere interesse og legge til rette for læring av tall og teljing, erfare og læra nye begrep gjennom utforsking av rom og former for på den måten å utvikle grunnleggjande, matematisk kompetanse.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Teljeregler og talleikar</li> <li>• Konstruksjonsleik</li> <li>• Matgrupper. Mål, vekt og volum.</li> <li>• Bruke kropp og sansar i utforskning av rom, ute og inne.</li> </ul>	<p><b>NÆRMILJØ OG SAMFUNN</b></p> <p>Kunnskap og tilknytning til nærmiljøet. Me skal verte kjent med bygda me bur i. Kunnskap om andre kulturar, land og væremåtar.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gå på tur i nærmiljøet</li> <li>• Besøke bedrifter i bygda vår</li> <li>• Markering av FN dagen</li> <li>• Markering av Samefolkets dag.</li> </ul>	<p><b>KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST</b></p> <p>Oppleve varierte og rike erfaringer i eit språkstimulerande miljø, som grunnlag for å utvikla eit rikt språk og for å kunne forstå ulike begrep i kvardagen og for å legge grunnlag for den fyrste lese-og skriveopplæringa.</p> <p>Tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtale om opplevingar, tankar og kjensler.</li> <li>• Skape leselyst og leseglede.</li> <li>• Skriftlege og muntlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og sanger.</li> <li>• Språkgrupper</li> <li>• Lesegrupper</li> <li>• Snakkepakken og språksprell</li> </ul>
--	---	---

<p><b>KUNST, KULTUR OG KREATIVITET</b></p> <p>Oppleve kunst og kultur og til sjølv å kunnen uttrykke seg estetisk. Å være sammen om kulturelle opplevingar, gjera og skapa noko felles. Få erfaring med ulike materiale, teknikkar og former for kunstuttrykk.</p> <p>Tiltak:</p>	
---	---

# oktober

Denne månaden inviterer me til haustsuppefest.

Me markerar FN dagen

I haustferien i veke 41 held barnehagen åpent som vanleg. Foresatte må melde fra om evt ferie.



mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
2	3	4	5	6	7 Sander 3 år	8
9 Hausferie på skulen	10	11	12	13	14	15
16	17 Thea 2 år	18 Isak og Iselin 4 år	19	20	21	22
23	24 FN dag	25	26	27	28	29
30	31					

# TRADISJONAR OG MERKEDAGAR GJENNOM ÅRET

Eit år i barnehagen består av mange kvardagar. Somme tider bryt me opp i kvardagen med ulike aktivitetar. Barn og vaksne får noko å glede seg til- førebuingar og forventningar betyr gjerne like mykje som sjølve arrangementet.

Me trur òg det er bra for borna å oppleve at ting kjem igjen årvisst. Det er med på å gi dei dei første begrep om tid i større samanheng- året- årstidene. Me har lagt vekt på å markere kulturelle tradisjonar, og å skape oss nokon sjølv. Me skal sjølvsagt prøve å begrense antall festar og gjera det lett å skilje dei frå kvarandre.

## **Nissefest tog nissebesøk:**

Kvar avdeling lagar til grautfest, og kanskje kjem nissen på besøk.

## **Adventskalender og adventksamlingar:**

I desember har me ei litt annerledes samling enn elles i året. Me tenn lys, syng og fortel juleevangeliet eller andre juleforteljingar.

## **Karneval:**

På dagtid i februar for alle borna og personalet i barnehagen

## **Påskelunsj eller påskefrokost:**

Påskelunsj er på dagtid for borna i barnehagen og personalet. Det kan også vera at avdelinga inviterar ti lpåskefrokost for foreldre.

## **Sommarfest:**

Denne pleier me å ha i byrjinga av juni. Då inviterer me heile familien på grilling og kos i Barnehagen.

**Besteforeldrebesøk:** I februar inviterer me besteforeldre til å ta del i litt av barnehagedagen til barnebarna

## **Bursdagsfeiring:**

Me markerer bursdagen til borna i barnehagen.

Då heng me opp flagg og lagar krune. Bornet er i fokus i samlingstunda der me syng bursdagssong og har ulike samlingsaktivitetar.



# november

mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
		1	2	3	4 Guro 2 år	5
6	7	8	9	10	11	12
13	14	15	16	17 Planl.dag	18	19
20 Cecilia 3 år	21	22	23	24 Simonas 3 år	25	26
27	28	29	30			

Bursdagane til barna markerer me med å henge opp det norske flagget utafor avdelinga barnet hører til. Me lagar krona, syng bursdagssang, barnet får velje eventyr, leik etc. i samlinga. Dei får òg velje seg ei lita leike i bursdagskista vår.



# SATSINGSOMRÅDE- «vera saman», dei yngste barna, språk og psykisk førstehjelp.

## **Vera saman**

Me har teke del i prosjektet «vera saman». Det er eit felles kompetansehevingstiltak som alle dei kommunale barnehagane er med på. «Vera saman» har blant anna fokus på autoritativ vaksenrolle, medverkande born, utvikling av empati og sosial kompetanse. Det er implementering av grunnleggande haldningar og verdiar i barnehagen. Gjennom teori, kollegarettleiring og ein omfattande materialpakke gjer «vera saman» barnehagen til ein god arena for barnets vekst og modning. Gjennom implementering er me nå blitt ein «løvebarnehage», som arbeider vidare etter «vera saman» prinsippet, med blant anna rettleiing av nytilsette. Sjå link:  
<http://www.haugalandsloftet.no/prosjekter/vaere-sammen-prosjekt-for-barnehager-i-haugalandsloftet/>

## **Dei Yngste borna**

Her har nokre av pedagogane som arbeider med dei yngste borna vore med på kompetanseheving, der Line Melvold tar for seg dei yngste borna si utvikling, deira ulike former for språk, kommunikasjon og atferd.

Heile personalet vil og få kurs.

## **Språk**

Ulike former for språk og kommunikasjon blir nytta i leik og samtalar, mellom borna om mellom born og vaksne, der språket blir nytta som verktøy. Gjennom leik, song, eventyr, høgtlesing, regler, rim og samtalar skal barnehagen vera ein arena for utvikling av eit godt språk, som verktøy i kommunikasjon.

## **Psykisk førstehjelp**

Barnehage personalet får kompetanseheving gjennom verktøyet «grønne tankar, glade barn», som tar for seg korleis ein handterar ulike følelsar.

# desember

mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag		
				1 Sofia 5 år	2	3
4	5	6	7 Katinka 4 år	8	9	10
11	12 Andrine 3 år	13	14	15	16	17
18	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	29	30	32



AKTIVITET	MÅL
<b>Frileik</b> I barnehagen vert sett av tid kvar dag til frileiken. Borna tek sjølv initiativ til desse aktivitetane. Det meste av materiellet skal vera tilgjengelig. Dei vaksne skal vera tilstades, gi impulsar og delta aktivit på barnas premissar. Dei kan òg ha ei observerande rolle.	Frileiken er viktig for bornas utvikling på alle plan. Leiken er eit mål i seg sjølv, den er borna si viktigaste utrykksform. Her kan dei gi utrykk for sin naturlege spontanitet, fantasi, forskartrong og skapartrong. Dei utviklar evna til sosial handling . Dei lærer masse om samarbeid og turtaking. Dei får elles kunnskap om reglar og om det å ta initiativ. Frileiken utviklar språket og borna lærer konfliktløysing. Gjennom leken utforsker de miljøet rundt seg, og bearbeider inntrykk og opplevelser. Det er en utfordring for oss voksne å kunne møte barnet og få innsikt i barnas tanker og fantasier. Leik er òg ein viktig kultur og tradisjonsformidler
<b>Tilrettelagte aktivitetar</b> Desse aktivitetane kan variere alt etter kva tema me jobbar med. Me kan jobbe i smågrupper eller heile gruppa. Me har språkgrupper, leikegrupper, prosjektgrupper mm	Det kan vera ulike målsettingar ut frå den valgte aktiviteten. Me skal legge til rette for god læring innenfor dei sju fagområda. Det er viktig at dei vaksne set av tid til samtale med borna kvar dag. Dette er god språkstimulering. Dei lærer å stå fram sjølv, og å lytte til dei andre. Dette er òg med på å skape gruppelihøyre. Turtaking og meistring.
<b>Formingsaktivitetar</b> Dette kan vera både gruppearbeid og individuelle oppgåver. Me vil legge opp til opplegg som er tilpasset barnas modenhetsnivå, med mogleik for eigne val	Her får borna erfaring med ulike teknikkar og materiell. Dei får ein mogleik til å gi utrykk for tankar og idear. (gi utrykk for inntrykk). Borna får trenre finmotorikk og konsentrasjonstrening. Utvikle skaparglede.
<b>Måltid</b> Organisere måltidet som ei hyggjestund, der alle i barnehagen er samla. Me satsar på eit sundt og variert kosthald, med ein blanding av varmmat og brødmåltid.	Sosial trening og innarbeiding av gode bordvaner, slik som å senda til kvarandre, takka for maten osv Måltidet skal være preget av hyggelig stemning og atmosfære. Begrepslæring.
<b>Av- og påkledning</b> Barna prøver sjølv og får hjelp til det dei ikkje klarar	Barna veks på å klara sjølv. Her lærer dei å ta omsyn til kvarandre.
<b>Uteaktivitet</b> Leikeaktivitet enkeltvis eller i gruppe. Turar i nærmiljøet. Barnekultur og sangleik.	Her får borna nytte kroppen aktivt. Borna utvikler god kroppsbeherskelse. Dei får ein positiv sjølvoppfatting gjennom kroppsleg meistring. Utvikling av fin- og grovmotorikk. Utvikle glede ved å bruke naturen, til utforskning og kroppslege utfordringar, og få ein forståelse for korleis ein bruker og samtidig tar vare på miljøet og naturen. Borna får og kjennskap til nærmiljøet.

mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
	januar					
1	2 Endre 4 år	3	4	5	6	7
8	9	10	11	12 Andre 4 år	13	14
15	16	17	18	19	20	21 Eline 3 år
22	23 Fredrik 6 år Gustav 5 år	24	25	26	27	28
29	30	31				

## PLANLEGGING

Me planlegg drifta vår etter Lov om barnehagar, rammeplan, kommunale vedtekter, kommunale og interne satsingsområde, samt eigen årsplan for barnehagen. Det er barnehagen sitt samarbeidsutval som godkjenner årsplanen. Ut frå årsplanen lagar me månadsplanar for avdelingane. Det er personalet som planlegg, men me legg til rette for innspel frå foreldra samt kva barnegruppa og enkeltbarnet er opptekne av.

## BARNS MEDVERKNAD

"Barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på alle sider ved sitt liv i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis retten til medverknad praktiserast, vil være avhengig av barns alder og funksjonsnivå." Rammeplanen s. 13

Å ha medverknad betyr ikkje at du får lov til å gjera akkurat som du vil, men at ein f.eks får komme med forslag til korleis me kan gjennomføre ulike aktivitetar, kor me skal gå på tur, kva me treng av utstyr i dei forskjellige leikekrokane våre. For dei aller minste som ikkje har språk handlar det om å bli sett og anerkjent når man er svolten, trøytt, trist, glad, sint, redd, mett, osv. Her er det veldig viktig at dei vaksne er flinke til å observere barnas kroppsspråk og følelsesuttrykk, slik at dei kan fange opp signaler frå barna på kva dei ynskjer å fortelje oss. Hjå dei store barna er språket godt utvikla og her kan ein lettare fange opp barns ynskje og behov når det gjeld medverknad. Barnemøte er eit eksempel på korleis ein kan jobbe med barns medverknad. I barnemøte kan barna komme med forslag til aktivitetar de har lyst at avdelinga skal gjennomføre. For eksempel tur til bondegård eller politistasjonen, pyjamasfest, lage ny bilkrok, fjelltur osv.



# februar

I februar feirar me karneval/fastelavn. Valfritt kostyme, men leikevåpen/skumle ting er ikkje tillatt. Karneval og fastelavn foregår avdelingsvis. Me inviterar til besteforeldredag.



mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søn
			1	2	3	4
5	6	7 Cornelius 3 år	8	9	10	11
12 Vinterferie på skulen	13	14	15	16 Lilly V 4 år	17	18
19	20	21	22	23 Mathea 2 år	24	25
26	27 Lorens 5 år	28 Håvard 5 år				

# INNHALDET I BARNEHAGEN

## Omsorg og oppseding

Alt me gjer i barnehagen skal pregast av omsorg. Ein omsorgsfull relasjon er prega av nærliek, evne til å lytta, innleiving og evne og vilje til samspel. Barn syner ofte omsorg ved å opptre inkluderande, vera empatisk og ved å hjelpe andre barn. Dei vaksne syner omsorg ved å leggja til rette for ein trygg, morosam, lærerik og inkluderande kvardag på avdelinga. Det ligg mykje omsorg i å gi barn varierte utfordringar og rom for meiningsfylte aktiviteter.



## Sosial kompetanse

Dette vil sei at borna skal lære seg å vera saman på gode måtar. I barnehagen er det unike vilkår for å tileigna seg sosial kompetanse i samspel med andre. Her er mange barn samla, og difor vert det stilt større krav til å ha kunnskap, ferdigheter og motivasjon for å kunna vera saman på ein god måte.



## Leik og læring - to sider av same sak...

Barn er gode på å leike. Dei har høg kompetanse og eit voldsomt engasjement til leik. Det er ein heildagsjobb å leike. Leiken har stor eigenverdi, den utviklar og endrar seg i takt med barnet sin alder og modningsnivå. Stadig er det ny læring medan dei leiker. I leiken utforsker, samtalar og bearbeidar barn inntrykk frå kvardagen, og skaffer dei seg kunnskap og innsikt. Læring skjer på ulike arenaer gjennom heile livet. Hjå barn er det dagleg læring gjennom samspel med andre menneske, gjennom leik, oppdragelse og omsorg gjennom oppleving og erfaring. Barnehagen bør bruke borna sine interesser og spørsmål som utgangspunkt for læringsprosessar og tema i barnehagen. Den vaksnes oppgave blir å støtte, inspirere og oppmuntre barna til lek og dermed gi et godt grunnlag for livslang læring. Den vaksne skal være aktiv i både de formelle og uformelle læringssituasjonene. Personalelet vil dele av sin kunnskap og vise engasjement.

# mars

Me markerer barnehagedagen. Det er ein nasjonal barnehagedag der satsinga er ein anerkjennelse av at barnehagen har ein viktig funksjon i samfunnet. Fyrst og fremst for borna sin kvardag her og nå- men òg for deira vidare liv.



mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag	
			1 Samir 4 år	2	3	4	
5	6 Gregoriy 3 år	7	8	9	10	11	
12	13 Barnehage dagen	14	15	16	17 Serine 4 år	18	A close-up photograph of a person's hands holding a large, patterned crab. The crab has a dark shell with prominent orange and yellow stripes. The person's hands are visible, one gripping the crab's body and the other its leg.
19	20	21	22 Planl.dag	23	24	25	
26	27	28	39	30	31		

# april



mandag	tysdag	Onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
2	3	4	5 Kristian 6 år	6 Stina 5 år	7	1 8 Heine 5 år
9	10	11	12 Brage 6 år Isabell 5 år Ruben 5 år	13	14	15
16	17	18 Lilly F 3 år	19	20	21 Ådne 3 år	22
23	24	25 Olve 4 år	26	27	28	29
30						

# DOKUMENTASJON

Me dokumenterer gjennom observasjonar, bilete og praksishistoriar som synleggjer vårt pedagogiske arbeid.

Me oppfordrar alle til å følgje med på my kid. Me skal kvar dag prøve å skrive kva avdelingane har gjort i løpet av dagen.

Gjennom å dokumentere kva vi faktisk har gjort, håper vi at foreldre som har barna sine i Sandeid barnehage kan bli trygge på at barna har det godt, og at de blir gitt de utviklingsmuligheter som rammeplan for barnehagen skisserer.

## Ulike måtar me dokumenterer på:

«Tras», «Alle med», og «Askeladden» gir dokumentasjon av borna si læring og utvikling.

Praksishistoriar

Bilete

Utstillingar på avdeling og ved somme anledningar på butikken

Foreldrebrev

Referat

myKid



# mai

mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
	1	2 Leo 2 år	3 Sophia 3 år	4	5	6
7	8	9	10	11	12	13
14	15 Mie 4 år	16	17	18 Emma 5 år Planl.dag	19	20
21	22	23	24	25	26	27 Ingrid Linea 5 år
28	29	30	31 Even 6 år			

## SPRÅKLEG KOMPETANSE

Førskuleborn treng dagar som er «krydra» med språket. Me set ord på bornet sine handlingar og kjensler, gjentar det dei seier frå dei er små, lyttar til dei og ser kva dei prøver å formidle, òg utan ord. Det er viktig å sette av tid til samtale med borna kvar dag. Dette er god språkstimulering, og borna lærer seg å snakke og syne seg sjølv i gruppa. Dei lærer seg å lytte til andre, og det er med på å skape gruppertilhøyrihet.

## BARNEHAGEN SOM KULTURARENA (Barnehageloven § 2):

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for barns egen kulturskapning og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Kultur handlar om arv og tradisjonar, om å skapa og gjera levande. Barnehagen har ei viktig rolle som arena for utvikling av kulturell identitet. Barnekultur er kultur av med og for barn! I samvær med andre born ligg alt godt til rette for at barnekulturen skal blomstra og veksa. Personalet formidlar kulturen gjennom bøker, litteratur, song og musikk og kreativ verksemd, og legg til rette for at born får møta den lokale kulturen.

Kultur er òg det barn møter via media.

Born har 100 språk. Viktig å la borna få bruka alle, dei må få gi uttrykk for sine inntrykk.



## LIKESTILLING I BARNEHAGEN

Likestilling mellom kjønna skal gjenspeilast i barnehagen sin pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn. Både gutter og jenter skal verta sett og høyrt, og dei skal verta oppmuntra til i felleskapå delta i alle aktivitetar i barnehagen. Det fysiske miljøet skal vektleggjast med å ha varierte og gode leikekrokar. Personalet skal reflektera over sine eigne haldningar og forventningar til jenter og gutter.

# juni


mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	lørdag	søndag
				1 Johanna 6 år	2 Nikolai 5 år	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14	15	16	17
18	19	20	21	22 Milian 4 år	23	24
25	26	27	28	29 Edvin 6 år Sander 5 år	30	

## **Overgang barnehage/ skule**

Samarbeid mellom institusjonane kan skape heilskap og samanheng for barnet i overgangen. Samarbeidet mellom barnehage og skule omfattar både tida før, under og etter barnet sluttar i barnehagen og startar på skulen.

Vindafjord kommune har utarbeida ein eigen plan for 6-åringane sin overgang til skulen. Denne gir informasjon om rutinar: innskrivingsskjema, overgangsamtal mellom skule og barnehage og førskuledag m/foreldremøte i slutten av mai.

Denne planen ligg på heimesida til kommunen.



mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	Lørdag	Søndag
juli	3	4	5	6	7	1 8
9 Jenny 4 år Boryus 2 år	10 Leah 6 år	11	12	13	14	15 Stella 2år Lukas 6 år
16 Barneh. er stengt heile veka.	17	18	19 Elvira 6 år Olene 5 år	20	21	22
23 Barneh. er stengt heile veka.	24 IanAndre 5 år Magne 4	25	26	27	28	29
30	31					

mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	Lørdag	Søndag
<b>august</b>						
2	3	1	2	3	4	5
6	7	8	9	10	11	12
13	14 Planl.dag	15 Nytt bhg.år	16	17	18	19
20	21	22	23 Erik 6 år	24	25 Theo 4 år	26
27	28 Oline 4 år	29	30	31 Elina 5 år		